

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Fjell kommune	951996777
	Post / e-post	Telefonnr.
	postmottak@fjell.kommune.no / berit.vik@fjell.kommune.no	55 09 60 00 / 55 09 70 55
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	Høybøen lok 64065, enkeltm 1-5/Gravrøys, Tytebærhaugen, lok 95787	26,8 / 26,3
	Gardsnamn	Kommune
	Vindenes	Fjell kommune
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Hogne Vindenes	913 14 016
	Post / e-post	
	hovinden@online.no	
4	Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)	
	10.000	
5	Skildring av prosjektet	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	
	Prosjektet er delt inn i to faser, der denne søknaden gjeld fase 1. I fase 1 vil ein fokusere på rydding av vegetasjon og busker i fornminneområdet ved Høybøen. Det vil også bli sett opp små infotavler som opplyser om at dette er automatisk freda kulturminne. Gravrøysa ved Tytebærhaugen er skjemma av at det er bygd vardar av gravsteinane, og inne i ei av mellomalderuftene er det tent opp bål. Hordaland	
	Datering	Eldre jernalder og mellomalder
	Tidlegare tilrettelegging	Nei
	Tidlegare skjøtsel	Nei. Ikke anna enn at området er blitt svidd av eit par gongar.
	Andre opplysningar	1) Vedlagt oversiktkart, lokalitetskart for Tytebærhaugen og Høybøen med informasjon om enkeltminna. 2) Grunneigarane ved Tytebærhaugen er blitt informert om planane som gjeld restaurering av gravrøysa, i brev frå Hordaland fylkeskommune tidlegare i år.

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

- Prosjektering
 Ny tilrettelegging
 Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

- Ja
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

- Ja
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

Ultimo 2016

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Fornminneområdet ved Høybøen, og nærliggande lokalitetar, er prioritert som nr 2 i Fjell kommune si BARK-liste. Geitvika ligg som nummer 1 på lista, men reguleringsplanen er lagt på is, og såleis vil det ikkje bli utført tiltak i området med det første.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Vindenes grendalag, Sotra- og Øygarden turlag og Fjell turlag er alle opptekne av Høybøen og dei nærliggande friluftsområda sørover til Vindenes og nordover til Vindeneskvarven. Leiarane i laga har sagt seg villige til å vere med når det gjeld skjøtsel og tilrettelegging av turstiar i området.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Det bør tilretteleggast for å legge til med båt nær Høybøen. Det finst truleg fleire fortøyingsboltar i nærområdet, og ein bør vurdere om det er føremålstenleg å sette opp ei lita infotavle ved ein av desse stadene der båtfarande kan kome i land. Når det gjeld tilkomst for dei som kjem til fots, så er det mest gunstig at dei parkerar nede ved Vindenes kai, ved Sotragruppen sine lokaler. Ein må, i samråd med grunneigar og leiar i Sotragruppen, Jarle Vindenes, kome fram til korleis dette kan gjerast på best mogleg måte.

Eventuell anna relevant informasjon

Fjell kommune mottok nyleg to modellar som viser rekonstruksjonar av husa på Høybøen samt naustet ved sjøsida. Desse modellane er gitt som gåver frå Hordamuseet, som tidlegare har hatt desse i sine utstillingar. Modellane vil bli viktige i ei utstilling som er under planlegging i Fjell folkeboksamling. Der vil Høybøen få mykje merksemd, og håpet er at skuleklassar på sikt vil kunne kome til utstillinga og lære noko om korleis menneska levde der. Det blir då endå viktigare å legge til rette for at folk kan ta turen til Høybøen, og oppleve førhistoria på nært hold.

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinene går stort sett ut på at arbeidet skal gjerast på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Fjell kommune har over lengre tid hatt god dialog med Hordaland fylkeskommune. Saman har ein også vore på to synfaringar i området, der ein har sett Høybøen som del av ein større heilskap med nærliggande kulturminne og friluftsområde. Fjell kommune har også vore i dialog med grunneigarane i området. Fordi fase 1 har fokus på området ved Høybøen, har vi gått i særskilt dialog med Hogne Vindenes som eig grunnen der. I møte mellom fylket, Fjell kommune og Hogne Vindenes blei ein i samråd einige om å dele skjøtselarbeidet inn i to faser. Skjøtselplan vil bli utarbeidd som del av første fase i prosjektet. Det vil bli utarbeidd eigne avtaler mellom dei berørte partane for dei ulike fasane. Hordaland fylkeskommune har tidlegare sendt brev til grunneigarane av området der gravrøysa ved Tytebærhaugen ligg, med varsel om at røysa vil bli restaurert.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Tiltak i fase 1

- 1) Utarbeiding av skjøtselplan for Høybøen, i samarbeid mellom Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune og grunneigar Hogne Vindenes. Ein må hente inn ekspertise i forhold til drenering og lyngbrenning. Fylkesmannen ynskjer dessutan å vere med på synfaring av lyngheia i området.
- 2) Rydding av busker og vegetasjon ved Høybøen, i samarbeid mellom Fjell kommune, grunneigar Hogne Vindenes, Vindenes grendalag, Sotra og Øygarden turlag samt Fjell turlag.
- 3) Restaurering av gravrøys ved Tytebærhaugen. I regi av Hordaland fylkeskommune og Bergen museum, med personressursar frå Fjell kommune om naudsynt.
- 4) Utarbeiding av formidlingsplan både for fase 1 og fase 2 (fase 2 gjeld tilrettelegging av turstiane). Herunder infotavler, opplysningskilt om bandtvang og automatisk freda kulturminne, bruk av teknologi som NFC-brikker og liknande. Samarbeid mellom turlaga i regionen, Hordaland fylkeskommune, Fjell kommune og grunneigarane i området.
- 5) Få på plass nokre av skilta.

I fase 1 vil vi også rádføre oss med arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Kultursjefen i Fjell kommune vil stå som ansvarleg for oppfølging av drifta og vedlikehaldet av skjøtselen ved Høybøen, noko som sjølvsgatt fortløpande vil skje i nært samråd med grunneigar Hogne Vindenes. Prosjektet vil i stor grad baserast på frivillig dugnadsarbeid, der ein ser føre seg faste dugnadsdagar kvar vår og vinter. Både når det gjeld fase 1 og 2, så vil det truleg vere naudsynt å utarbeide partnarskapsavtalar med dei nemnte frivillige laga som har engasjert seg i skjøtselen og tilrettelegginga av turløypene.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

I denne første fasen vil ein i større grad vere avhengig av personressursar enn økonomiske ressursar. Målet er å vere ferdig med tiltaka innan utgangen av 2015.

Kostnadsoverslag:	Rydding av busker og vegetasjon (200 t a' kr 200)	kr 40.000
	Skilt til fase 1	kr 17.000
	Transportutgifter (drivstoff, båt)	kr 3.000
	Utstyr til rydding og skjøtsel	kr 5.000
Totalt:		kr 65.000

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	10.000
eventuelt tilskot frå kommunen	
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	(Lions, øyremerka skilt) 5.000
andel av eigne midlar	10.000
andre midlar / dugnadsarbeid	(Dugnadsinnsats) 40.000
Sum (kr):	65.000

Stad: _____ **Dato:** _____ **Underskrift** _____

12 Straume 10.12.2014 Berit Vik

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:	1
Tilskot frå kommunen:	10.000
Fråsegn:	Fjell kommune, ved Kultursjefen, reknar Høybøen som det viktigaste fornminneområdet i Fjell kommune. Det er naudsynt med skjøtsel i området. Då både for å sikre at kulturminna ikkje blir forringa, men og for å legge til rette for at folk kan ta turen til Høybøen og oppleve førhistoria på nært hald på ein god måte. I tillegg til dei 10.000 kronene vil Fjell kommune også stille med personressursar frå kulturstaben til skjøtselarbeidet.

14 Kommentar frå fylkeskonservatoren*Søknaden sendast pr. e-post til vårt postmottak: kultur@hfk.no***NB! Søknadsfrist 1. desember**